



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

## **Møteinnkalling**

---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Skype, Skype-møte  
**Dato:** 10.01.2020  
**Tidspunkt:** 09:30

---

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 95207083. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>
AU 1/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 2/20	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 3/20	Søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Lisensfellingslaget v/ fellingsleiar Arve Aarhus
AU 4/20	Innmelding av behov for tiltaksmidlar og bestilling av tensester av SNO for 2020
AU 5/20	Eventuelt

**AU 1/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**AU 2/20 Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen  
saman med styreleiar**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 788 Stoa  
4809 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Garaneset, 4230 Sand

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2020/249-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 08.01.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	3/20	10.01.2020

## Søknad om dispensasjon til motorferdsel i samband med utlegging og drift av jerveåter i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Lisensfellingslaget v/ fellingsleiar Arve Aarhus

### Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III og kapittel IV , punkt 3. 1 i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får ikkje lisensfellingslaget ved fellingsleiar Arve Aarhus, dispensasjon til motorferdsel med snøskuter for utlegging og drift av to åter i samband med lisensjakt på jerv i Dyraheio landskapsvernområde.

I motsetnad til tidlegare år da det har blitt gitt dispensasjon til slik motorferdsel, er det i 2018 og 2019 ikkje blitt dokumentert tap av beitedyr til jerv i det aktuelle området. Dei to siste åra er det heller ikkje gitt løyve til skadefelling av Fylkesmannen i Rogaland.

Motorferdsla det er søkt om går gjennom eit viktig vinterbeiteområde, og medfører auka forstyrning av villreinstamma. Derfor ønskjer ikkje verneområdestyret å etablere ein forvaltningspraksis der motorferdsel til utlegging av jerveåter kan gjennomførast også i periodar utan dokumenterte tap og innvilga skadefellingsløyve.

### Saksopplysninger

#### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 11.12.2019, samt den meir utfyllande søknaden for 2019 datert 26.01. Det visast og til vedtak i AU-sakane 272/2012 og 04/2015 (tilsvarande søknad for 2013 og 2015), samt vedtak i delegasjonssak RO 21/2016, 02/2017 og 52/2017 (tilsvarande søknadar for 2016-2018).

Vidare visast det til avslaget på søknaden for 2019 i delegasjonssak 03/2019, klage frå søkar datert 31.01.2019 og verneområdestyret si førebunde klagehandsaming i styresak 8/19.

Viser og til referat frå Dialogmøte om store rovdyr i Rogaland for 2018 og 2019.



### Tidlegare sakshandsaming

I 2013 gav verneområdestyret løyve til utlegging av åte på tre plassar i Dyraheio landskapsvernområde, samt løyve til 20 snøskuterturar til kvar åteplass. I 2015 gav verneområdestyret løyve til utlegging av åte på tre plassar i Dyraheio landskapsvernområde og ein plass i Lusaheia landskapsvernområde, samt løyve til 10 snøskuterturar til kvar åteplass. I 2016 vart det gjeve eit tilsvarande løyve. I 2017 og 2018 vart det gjeve løyve til to åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde og tilkomst gjennom verneområdet for to andre åteplassar. Dispensasjonane omfatt 10 skuterturar til kvar åteplass. Søknaden for 2019 vart avslått med den grunngevinga at ikkje ønskja denne tilleggsbelastninga på villreinstamma, når det ikkje var gitt skadefellingsløyve eller det var dokumenterte tap av beitedyr til jerv. Søkar klaga på vedtaket med grunngeving i mellom anna at vidareføring av ordninga med åtejakt vart vurdert å være svært viktig for å oppdage jerv tidleg på vinteren. Dette gir større moglegheit for felling i lisensjaktperioden, kan redusere behovet for ekstraordinære uttak i yngletida, og redusere moglegheiten for tap av småfe til jerv i kommande beitesesong. I den førebua klagehandsaminga opprettheldt verneområdestyret vedtaket i delegasjonssaken, og saken vart sendt til Miljødirektoratet for klagehandsaming. Denne klagehandsaminga vart avslutta da klagar i ein e-post til Miljødirektoratet 05.03.2019, fråfalt søknaden og bad om klagehandsaminga vart avslutta. Den nye søknaden for 2020-2022 kan derfor handsamast uavhengig av Miljødirektoratet si avslutta klagehandsaming. Verneområdestyret inviterte og søkar til ein dialog om søknaden for 2020 på styremøtet i Suldal 18.09.2019, men søkar kunne ikkje møte.

### Ny søknad

Lisensfellingslaget ved fellingsleiar Arve Aarhus, om søker om dispensasjon til snøskutertransport til to åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde. Snøskutertransportane omfattar transport av åte, drift av åtene, samt opprydding på åteplassane. Åteplassane er valt ut på grunnlag av jerven sin områdebruk, mobildekning for overføring av bilete frå viltkamera og tilgang på husvære i nærleiken. Åteplassane er teikna inn på kart som følgjer søknaden.

Søknaden gjeld for tidsrommet desember- april/mai for perioden 2019-2022. Etter lisensjaktperioden går ut 15.02, omfattar søknaden observasjon ved åta i tillegg opprydding på åteplassane. I søknaden er det ikkje oppgjeve nok tal på kor mange snøskutertransportar det er søkt om til kvar åteplass. Det opplysast i søknaden at åteplassane hadde besøk av jerv i både 2017 og 2018 etter at skadefellingsperioden var over. Det opplysast heller ikkje kven som deltek i lisensjaktlaget, men det visast til at dette i stor grad er ei vidareføring av skadefellingslaga frå tidlegare år.

Det er søkt om følgjande åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde og motorferdsle etter desse kjørerutene:

- Åteplass 1.      Brudle / Kaldevassleitet  
                    Tilkomst frå Mostøl via Jonstøl og Salttjørndalen. Om lag 10 km av  
                    køyreruta går innanfor verneområdet.  
                    Tilkomst frå Mostøl via Krokavatnet og Brudle. Om lag 16 km av køyreruta går innanfor  
                    verneområdet.  
                    Tilkomst frå Bleskestadmoen. Om lag 16km av køyreruta går innanfor verneområdet
- Åteplass 2.      Grjotdalen  
                    Tilkomst frå Kjetilstadlio via Såta/Stranddalen og Krossvatn. Om lag 17 km av køyreruta  
                    går innanfor verneområdet.

I tillegg er det ein åteplass ved Monsabu utanfor verneområda. Omsøkte køyreruter følgjer i all hovudsak etablerte køyreruter som følgjer Stavanger turistforening eller Statkraft sine merka vinterruter i området.



Tidlegare skadefellingsløyver er gitt av Fylkesmannen i Rogaland på bakgrunn av dokumenterte tap av beitedyr til jerv gjennom fleire år. I samband med jakta vart det oppretta eit skadefellingslag av lokale grunneigarar med Arve Aarhus frå Suldal er fellingsleiar. Skadefellingslaget har stått for det praktiske med utlegging av åte og gjennomføringa av jakta.

Skadefellinga har ikkje gitt resultat dei åra den har blitt gjennomført, men i 2017 og 2018 vart det påvist jerv på åta. I 2018 felte SNO, gjennom ekstraordinært uttak, hannjerven som hadde stått bak store tap av sau i Røldal og Suldal i 2017. I tillegg vart ei jervetispe og to kvelpar felt i Suldal.

Ettersom det ikkje var dokumentert tap av sau til jerv i Rogaland i 2018 og 2019, fant ikkje Fylkesmannen i Rogaland grunn til å gje skadefellingsløyve for 2019 og 2020.


Lisensjaktlaget ønskjer likevel å halde fram med drifta av jerveåtane. Utlegging av åte i verneområdet blir vurdert som ein viktig faktor dersom ein skal ha håp om ei vellukka jakt om jerven kjem tilbake. Når åtene er plassert på dei rette stadane vil dei trekke til seg jervar som måtte være i området. Å få tidleg dokumentasjon på at jerven er i området vil derfor være viktig for å førebygge tap av beitedyr. Åtene vil og ha funksjon i høve til overvaking og dokumentasjon av bestanden av jerv i området.

Søkar visar og til at søknaden blir støtta av organisasjonane Rogaland Bondelag og Rogaland Sau og Geit. Dette kjem og tydeleg fram av referatet frå dialogmøtet om store rovdyr i Rogaland 26.11.2019.

Søkar viser og til eit pågåande arbeid i Klima- og miljødepartementet for å få til ei meir effektiv felling av jerv. Dette arbeidet har resultert i ei endring i Forskrift om utlegging av åte og foring av vilt, kor det nå er opna for utlegging av åte i samband med lisensfelling av jerv. I departementet sitt høyringsnotat frå 20.02.2015 blir det og foreslått endringar i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag. Desse endringane legg opp til at det skal være mogleg og søke om dispensasjon til bruk av snøskuter på vinterføre for utkøyring av jervebåsar, åte og åtebuer i samband med felling av jerv etter faste køyreruter. Det er samstundes viktig å være klar over at departementet i sitt forslag legg opp til at slike køyreruter ikkje skal *«gå gjennom verneområder, foreslåtte verneområder eller nasjonale villreinområder»*.

Fylkesmannen i Rogaland uttaler og at ein ser logikken i å vidareføre åteplassane ut frå eit jaktperspektiv, men at dei ikkje kan anbefale det som ein generell praksis.

Kart over åteplassar og køyreruter



### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015.
- Naturmangfaldslova.

### Heimelsgrunnlag

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at *"Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa"*.

Motorferdsel i verneområdet blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel kapittel IV, punkt 3.1. Her heiter det at *"Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode"*. Vidare heiter det at *"Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan likevel gi løyve til motorferdsel i særskilde høve"*.

Omsøkte tiltak kjem etter vårt syn inn under kapittel IV, punkt 3.1 i verneføreskrifta, og krev derfor dispensasjon etter kapittel IV, punkt 3.1 for å kunne gjennomførast.



Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Fráfjordheiane har forvaltningsmynde for Fráfjordheiane landskapsvernområde.

## Vurdering

### *Naturmangfaldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i § 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Dei omsøkte åteplassane ved Brudle og Grjotdalen ligg i eit ope høg fjellsterreng om lag 1100-1200 moh. Dei fleste køyrerutene vil gå i høg fjellsterreng 900-1200 moh.

Dei høgareliggande fjellområda i Dyraheio landskapsvernområde blir årvisst nytta av villreinen som vinterbeite. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) dokumenterer at sju av dei åtte simlene som har nytta nordområdet, har vore i nærleiken av åteplassane ved Brudle og Grjotdalen, den tida dei hadde sender. Elles viser GPS-data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) at villreinen i områda nord for Blåsjø, i hovudsak står aust for vasskiljet tidleg på vinteren, men trekker vestover lengre ut på vinteren. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010), ligg åteplassane ved Brudle og Grjotdalen innanfor område som er registrert som vinterbeite. I denne rapporten kjem det og fram at både åteplassane og skuterløypene kjem i kontakt med fleire registrerte villreintrekk.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserar seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Ved dei omsøkte åteplassane er det svært få tekniske inngrep og lite anna ferdslø. Når det gjeld dei aktuelle køyrerutene er det og svært lite anna ferdslø i januar og februar. Det er gitt om lag 10 andre motorferdsleløyve på dei ulike strekningane, men desse brukast i liten grad tidleg på vinteren. I mars og april er ferdsla mykje større. Dei fleste motorferdsleløyva i området blir brukt og talet på skituristar aukar. Turisthyttene Bleskestadmoen, Jonstøl, Krossvatn og Stranddalen som ligg etter dei aktuelle køyrerutene, hadde i 2018; 121, 211, 153 og 76 overnattingar i mars og april.



Forvaltningssekretariatet legg til grunn at motorferdsla i samband med utlegging og drift av åtene vil ha same omfang som ved tidlegare dispensasjonar, dvs om lag 10 snøskutertransportar til kvar av åteplassane.

Utlekking av åte og den omsøkte motorferdsla i samband med dette, vil verke forstyrrende på villreinen i område. Samstundes tydar villreinen sin vanlege områdebruk i januar og februar på at forstyrningane vil ha eit relativt avgrensa omfang. Forstyrningane vil bli meir omfattande i mars og april. Da aukar trekkaktiviteten til villreinen, det same gjer anna motorferdsle og skiturismen.

Den omsøkte motorferdsla vil medføre ei sterk auke av motorferdsla i området, og såleis medføre ei auka belastning på naturmangfaldet. Dette gjeld særleg for mars og april da villreinen allereie er utsett for forstyrring frå både motorferdsel og ferdslar til fots. I denne perioden blir den samla belastninga vurdert til å være høg.

Når det ikkje ligg føre eit skadefellingsløyve for jerv, er det etter forvaltningssekretariatet si vurdering, ikkje grunnlag for å utsette villreinstamma for den tilleggsbelastninga forstyrningane som utlegging og drift av jerveåtene vil medføre. Forvaltningssekretariatet har forståing for argumenta om at det kan være viktig å oppretthalde drifta av åtene. Samstundes ønskjer ikkje forvaltningssekretariatet å etablere ein forvaltningspraksis det utlegging av jerveåter blir ein fast praksis også i periodar utan dokumenterte tap og innvilga skadefellingsløyve.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Forstyrningane av villrein er prøvd redusert ved at ein langt på veg nyttar etablerte køyreruter. Plasseringa av åte og viltkamera på stadar med mobildekning, vil og medføre at behovet for tilsyn med åta vil bli mindre.

### *Konklusjon*

Den omsøkte motorferdsla vil ha ein forstyrrende effekt på villreinstamma i området, og såleis ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde. Talet på andre innvilga dispensasjonar til snøskutertransportar i området er høgt, og den totale belastninga frå ferdslar og motorferdsel i område er derfor relativt omfattande på seinvinteren når villreinen sin trekkaktivitet aukar.





## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/10150-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 07.01.2020

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	4/20	10.01.2020

## Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tensester av SNO for 2020

### Forvalters innstilling

I tråd med saksutgreiinga, melder Verneområdestyret for SVR inn følgjande behov for tiltaksmidler og bestilling av tenester av SNO for 2020.

#### Tiltaksmidler:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttevær, Vidmyr	Vidmyr NR/Bykle	40.000
2.	Skjøtsel slåttevær, Store-Hisdal	Hisdal NR/Bykle	15.000
3.	Skjøtsel slåttevær, Stovo	Dyraheio/Suldal	20.000
4.	Skjøtsel slåttevær, Mån	Frafjordheiane/Forsand	25.000
5.	Skjøtsel slåttevær, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	40.000
6.	Rydding slåttevær, Jonstøl	Dyraheio/Suldal	20.000
	<i>Sum pågåande skjøtselstiltak</i>		<b>160.000</b>
<u>Tiltak på innfallsportar</u>			
7.	Oppgradering av tursti, Hovdenuten	SVR/Bykle	500.000
8.	Informasjonsskilt i Hjelmelandsvågen	Lusaheia/Hjelmeland	75.000
9.	Informasjonsskilt Kleivaland+Funning	Vo.heia/Hjelmeland	80.000
10.	Toalettbygg Kleivaland+Funningsland	Vo.heia/Hjelmeland	250.000
11.	Carwalk Håhellervatnet	SVR/Sirdal/Valle	100.000
12.	Infoskilt og gapahuk på Ljosland	SVR/Åseral	30.000
	<i>Sum tiltak på innfallsportar</i>		<b>1.035.000</b>
<u>Tiltak på stiar med særleg store slitasjeproblem</u>			
13.	Klopplegging, Taumevatn	SVR/Sirdal	20.000



14. Kloppelegging, Flørli-Langavatn	Frafjordheiane/Sandnes	50.000
15. Grøftting, Øyastøl-Bjødnabu	Vormedalsheia/Hjelmeland	25.000
16. Kloppelegging, Bleskestadmoen	Dyraheio/Suldal	25.000
<i>Sum tiltak på stiar</i>		<b>120.000</b>

Andre tiltak

17. Overvaking anleggsveg Store Urar	SVR/Bykle	60.000
18. Villreininformasjon på Haukeliseter		20.000
19. Kartbrosjyre verneområda i Hjelmeland		10.000
<i>Sum andre tiltak på</i>		<b>90.000</b>

**Total sum** **1.405.000**

Tiltak som ikkje blir prioritert

20. Skjøtsel av slåttemark i Store Hisdal	SVR/Bykle	15.000
21. Rydding av ferdselsveg, Kvildalsdalen	Dyraheio/Suldal	20.000
22. Rydding av ferdselsveg, Prostøldalen	Dyraheio/Suldal	20.000
23. Brenning av kratt ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	30.000
24. Informasjonsskilt ved Øvre Moen	Dyraheio/Suldal	40.000
25. Elektronisk infotavle på Nesflaten	Dyraheio/Suldal	80.000
26. Utstillingsbu på Hovden	SVR/Bykle	70.000
27. Gapahuk og klopper, Bortelid	SVR/Åseral	90.000
28. Utbetring av ferdselsveg, Storådalen	Lusaheia/Hjelmeland	50.000

**Total sum** **415.000**

Tenester frå SNO:

Oppdrag Verneområde

**Tilsyn/kontroll**

Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag	Frafjordheiane
Kontroll av ulovleg bruk av droner ved Kjerag	Frafjordheiane
Kontroll av motorferdsel og oppkøyringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden
Kontroll av kjentmannsturar	SVR
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR

**Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)**

Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frafjordheiane
Utplassering av bil teljar på anleggsvegen til Skreivasskleivane	Dyraheio
Utplassering av bil teljar på anleggsvegen i Flatstøldalen	SVR
Overvaking og utplassering av bil teljar på anleggsvegen til Sture Urar	SVR
Innhenting av tilbud på oppsetting av informasjonsskilt	Alle
Oppsetting av skilt og merker på carwalk	SVR



Oppsetting av informasjonsskilt i Hjelmeland

Vormedalsheia og Lusaheia

**Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)**

Gjennomføring av overvaksingsprogram for bevaringsmål for hubrolokalitetar

SVR

**Naturvegledning/informasjon**

Orienteringar til verneområdestyret på styremøte

Delta på verneområdestyret sine synfaringar

Orienteringar på opne informasjonsmøte

Deltaking på møte og arrangement i regi av verdiskapingsprosjektet

Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala

## Saksopplysninger

Miljødirektoratet har i brev datert 11.11.2019 bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidler for 2020. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Fristen for innmelding er sett til 10. januar 2020. Det skal meldast inn behov i prioritert rekkefølge og med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet for 2019, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast. Det er derfor viktig at tiltak som bedrar tilstanden til verneverdiane blir prioritert høgt.

I dokumentet: «Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2020-2025» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet. Ramsar-områder og truede naturtyper prioriteres høyst blant disse tiltakene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltinga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Det skal og meldast inn bestilling av tenester som ein ønskjer at lokalt SNO personell skal utføre for verneområdestyret i 2019.

Forvaltningssekretariatet har gjennomført eit bestillingsmøte med SNO 12. desember. Her vart det gjennomført ei evaluering av 2019 sesongen og behovet for tilsyns- og kontrollverksemd og bestilling av ulike feltoppgåver vart drøfta. I tillegg drøfta ein prioritering og praktisk gjennomføring av aktuelle tiltak i 2020.



## Vurdering

### Innmelding av behov for tiltaksmiddel i 2020

Forvaltningssekretariatet har hatt møter og anna kontakt med fleire kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriter av tiltak i 2020. Det gjekk og ut eit brev til kommunane kor ein bad om innspel på kva for tiltak frå besøksstrategien som burde gjennomførast dette året. Med bakgrunn i desse innspela, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioriteringa av tiltaksmidlar for 2020 var svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert oppstart av nye skjøtselsprosjekt eller tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.

2020 blir det andre året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det første året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «Merkevaren Norges nasjonalparker». På bakgrunn av innspel frå kommunane vil tiltak på innfallsporten Hjelmeland bli prioritert. I tillegg blir det vidareføring av dei tunge tiltaka på Hovden. Ei rekke andre informasjonstiltak frå besøksstrategien blir og prioritert. Til saman seks pågåande skjøtselsprosjekt blir vidareført i 2020.

### **Prioriterte tiltak**

#### 1. Skjøtsel av slåttemyr, Vidmyr NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan Vidmyr naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført rydding av kratt og slått i 2014 og 2015, samt slått av 10 daa i 2016 og 2017 med motorslåtmaskin. I 2018 vart det ikkje slått. I tråd med skjøtselsplanen vart slåtten utvida til 15 daa i 2019.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 40 000 kr til skjøtsel av slåttemyr på Vidmyr.

#### 2. Skjøtsel av slåttemark, Store-Hisdal, Hisdal NR, Bykle kommune

Skjøtselsplan for Hisdal Naturreservat er utarbeidd. I tråd med denne er det gjennomført slått i 2015-2019. Nye retningslinjer for skjøtselen vart utarbeidd i 2018, og skjøtselen i 2020 vil skje i tråd med desse.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 15 000 kr til denne skjøtsel av slåttemark i Hisdal.

#### 3. Skjøtsel av slåttemyr, Stovo, Dyraheio, Suldal kommune

Skjøtselsplan for Stovo er utarbeidd, og rydding av kratt og slått vart gjennomført i 2017-2019 i tråd med denne. Skjøtselen vidareførast i 2020 i samsvar med planen.

Sekretariatet foreslår at vi søker om 20 000 kr til slått på slåttemyra ved Stovo.

#### 4. Skjøtsel av slåttemark, Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Det er utarbeidd skjøtselsplan for Mån, og i tråd med denne er det sidan 2014 gjennomført slått av 25 daa slåttemark. Mån har om lag 25.000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne fråflytta garden blir haldt i hevd.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til slått på Mån.



#### 5. Skjøtsel av slåttemyr, Øyastølsmyra, Øyastøl NR, Hjelmeland kommune

Det er utarbeida skjøtelsesplan for Øyastølsmyra. Sidan 2012 er det gjennomført rydding av einer og lauvkratt, samt uttak av gran i utkanten av denne rikmyra. I 2015 vart det og gjennomført slått på den gamle slåttemyra. I 2016 og 2017 vart det ikkje gjennomført tiltak på grunn av manglande avtaler med grunneigar. Ny avtale er nå på plass og ny myrslått vart gjennomført i 2018 og 2019. Ei synfaring hausten 2018 viste store oppslag av einstape i områda som var rydda for einer. Det er stort behov for bekjemping av denne og dette tiltaket vart gjennomført i 2019 og vil bli vidareført i 2020.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 40 000 kr til skjøtselen av slåttemyra på Øyastøl.

#### 6. Skjøtsel av slåttemark, Jonstøl, Dyråheio, Suldal kommune

Skjøtelsesplan for Jonstøl er utarbeidd, og rydding av bjørk og einer kratt er tiltaka som er tilråda. Skjøtselen av området vart starte opp i 2019 i samsvar med planen. Turisthytta Jonstøl har om lag 2000 besøk i året, og mange har derfor glede av at kulturlandskapet rundt denne stølen blir haldt i hevd.

Sekretariatet foreslår at vi søker om kr. 20 000 til rydding av slåttemarka ved Jonstøl.

#### 7. Oppgradering av tursti til Hovdenuten, SVR, Bykle kommune

Hovdenuten er eit fantastisk utkikkspunkt mot verneområda på både Vestheia og Austheia. Her vil ein saman med Bykle kommune utvikle ei informasjons- og tilretteleggingspakke som skal gjere turmålet ennå meir attraktivt. Det vil både bære snakk om bygging av steintrapper, informasjonsskilt og lydbasert informasjon. Første del av tiltaket med bygging av steintrapper vart gjennomført i 2019.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 500 000 kr til vidare tilretteleggingsarbeid på stien til Hovdenuten, samt prosjektering av dagsturhytta som skal byggjast på toppen..

#### 8. Informasjonsskilt i gapahuk på Ljosland, SVR, Åseral kommune

Gapahuken i Farstøldalen vart bygd i 2019. I gapahuken er det sett av plass til informasjonsskilt om verneområda.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til informasjonsskilt i gapahuken ved Ljosland.

#### 9. «Carwalk» ved Håhellervatnet, SVR, Sirdal og Valle kommuner

Som ein del av Besøksstrategi for SVR blir det lagt opp til å etablere ein godt tilrettelagt tursti med informasjonsskilt ut frå rasteplassen ved Håhellervatnet. Dette prosjektet er nå ferdig prosjektert og klart til å settast ut i livet.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 100 000 kr til utarbeiding av tursti og informasjonsskilt ved Håhellervatnet.

#### 10. Informasjonsskilt i Hjelmelandsvågen, Hjelmeland kommune

Hjelmelandsvågen er utpeikt som innfallsport for Lusaheia og Vormedalsheia i besøksstrategien. I 2020 legg kommunen opp til å opparbeide eit nytt informasjonspunkt i sentrum. Informasjonsskilt om verneområdet bør plasserast i samband med desse. Det vil være snakk om to store skilt (200x950 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 75 000 kr til informasjonsskilt i Hjelmelandsvågen.



11. Informasjonsskilt ved Kleivaland og Funningsland, Vormadalsheia og Lusaheia, Hjelmeland kommune

Kleivaland og Funningsland er utpekt som startpunkt for Lusaheia og Vormedalsheia i besøksstrategien. I 2020 legg SVR opp til å sette opp nye informasjonsskilt på disse stadene samstundes med oppsetting av skilt i sentrum. Det vil være snakk om fire mellomstore skilt (200x750 mm).

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 80 000 kr til informasjonsskilt ved Kleivaland og Funningsland.

12. Nye toalettbygg ved Kleivaland og Funningsland, Vormadalsheia og Lusaheia, Hjelmeland kommune

Kleivaland og Funningsland er utpekt som startpunkt for Lusaheia og Vormedalsheia i besøksstrategien. Bruken av startpunktene er relativt stor og det har lenge vore behov for ei toalettløysing på stadane. I 2020 legg Hjelmeland kommune derfor opp til å sette opp enkle toalettbygg ved desse startpunktene. Hjelmeland kommune vil være ansvarleg for drift av toaletta.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 250 000 kr til toalettbygg ved Kleivaland og Funningsland.

13. Klopplugging av sti, Taumevatn, SVR, Sirdal kommune

Stavanger turistforening sin sti frå Flatstøldalen til Taumevatn er uvanleg stygg og vanskeleg framkommeleg i våte parti. Det må derfor gjennomførast ei omfattande klopplugging og drenering. Ein del er gjort i 2018 og 2019, men tiltaket må slutførast i 2020. Det er og eit stort behov for opprydding etter tidlegare tilretteleggingstiltak som har vore lite vellykka.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 20 000 kr til drenering, klopplugging og opprydding langs stien til Taumevatn.

14. Klopplugging av sti, Flørli, Frafjordheiane, Forsand kommune

Stavanger turistforening sin sti frå Flørli til Langavatn er svært slitt og vanskeleg framkommeleg i våte parti. Her ventar ei auka trafikk i åra som kjem i samband med Lysefjorden rundt løype. Det er særleg stort behov for klopplugging og drenering der stien kryssar myrområde.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 50 000 kr til drenering, klopplugging og opprydding langs stien Flørli-Langavatn.

15. Grøfting av tursti, Øyastøl, Vormedalsheia, Hjelmeland kommune

STF sin sti mellom Kleivaland og Melandsgrønhei, på strekningen Øyastøl-Bjødabu, har stor slitasje og omfattande erosjonsskader. Det må derfor gjennomførast ei omfattande grønfting og restaurering på den øydelagde stistrekninga. og drenering.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til grønfting ved turstien ved Øyastøl.

16. Klopplugging av tursti, Bleskestadmoen, Dyrhaio, Suldal kommune

STF sin sti på begge sider av turisthytta Bleskestadmoen har stor slitasje og vanskeleg framkommeleg i fleire våte parti. Dette gjeld særleg på strekninga Klauvskeidmoen-Bleskestadmoen. Det må derfor gjennomførast ei omfattande klopplugging og drenering. Det er og behov for opprydding etter tidlegare tilretteleggingstiltak.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 25 000 kr til klopplugging av turstiar ved Bleskestadmoen.



17. Overvaking av effektane av nytt bomregime på anleggsvegen til Store Urdevatn, SVR, Bykle kommune

I samarbeid med Bykle kommune vert det arbeida med eit nytt bomregime på veg til Store Urevatn. Føremålet er å avgrense allmenn ferdsel slik at villreinen kan trekke gjennom området. Tiltaket er tilråda gjennom dei to GPS-merkeprosjekta som er gjennomført i Setesdal Ryfylke. Det vert lagt opp til at eit nytt bomregime vert evaluert med bistand i frå NINA. I første omgang er det tale om eit prøveprosjekt på 5 år med oppstart juli 2020. Sekretariatet foreslår at vi søker om kr. 60 000 til evaluering/overvaking samt ny bomløyising.

18. Villreininformasjon på Haukeliseter

I samarbeid med Norsk Villreinsenter og Stavanger turistforening ønskjer SVR og utarbeide informasjonsplakatar om villrein på Haukeliseter. Dette er ein svært viktig innfallspurt til både SVR og Hardangervidda.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 30 000 kr til utarbeiding av villreininformasjon på Haukeliseter.

19. Kartbrosjyre Vormedalsheia og Lusaheia, Hjelmeland kommune

I samband med utarbeiding av kart over verneområda til informasjonsskilta, ønskjer Hjelmeland kommune og utarbeide ei kartbrosjyre i tillegg.

Sekretariatet foreslår derfor at vi søker om 10 000 kr til utarbeiding av kartbrosjyre

**Ikkje prioriterte tiltak**

20. Skjøtsel av slåttemark, Store Hisdal, Hisdal naturreservat, Bykle kommune

Grunneigar har spelt inn behov for rydding og slått av gamal slåttemark i Store Hisdal. Det er ikkje utarbeidd skjøtelsesplan for dette arealet. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 15.000 pr år.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at nye langvarige skjøtselstiltak normalt ikkje bør startast opp.

21. Rydding av ferdelsveggar, Kvildalsdalen, Dyraheio, Suldal kommune

Grunneigar har spelt inn behov for rydding av gamle ferdelsveggar frå Kvildalsdalen og opp mot Dyraheio. Mange av vegane er grodd att og er vanskelege å bruke både i høve til sauedrifter og turgåing. Grunneigar har lagt ned eit stort arbeid med slik rydding gjennom fleire år. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 20 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at denne type skjøtsel ikkje skal prioriterast for 2020.

22. Rydding av ferdelsveggar, Prostøl, Dyraheio, Suldal kommune

Grunneigar har spelt inn behov for rydding av gamle ferdelsveggar i Prostøldalen og inn mot Dyraheio. Mange av vegane er grodd att og er vanskelege å bruke både i høve til sauedrifter og turgåing. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 20 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at denne type skjøtsel ikkje skal prioriterast for 2020.



23. Brenning av kratt, Mån, Frafjordheiane, Gjesdal kommune

Jæren friluftsråd har spelt inn behov for brenning av det gamle kulturlandskapet aust for Mån. Området er grodd att med kratt ettersom det er lenge sidan sist brenning. Ei brenning vil være gunstig både for det visuelle inntrykket av landskapet og vil gje betre beite i området. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 30 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Miljødirektoratet er i sitt strateginotat klare på at denne type skjøtsel ikkje skal prioriterast for 2020.

24. Oppsetting av informasjonsskilt, Øvre Moen, Dyraheio, Suldal kommune

Suldal kommune har spelt inn eit ønskje om oppsetting av eit informasjonsskilt ved Øvre Moen. Staden er peika ut som eit frittstående informasjonspunkt i besøksstrategien. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 40 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Sekretariatet har ikkje kapasitet til å gjennomføre tiltaket i 2020. Oppsetting av informasjonsskilt ved dei frittstående informasjonspunkta kan vurderast som eit aktuelt tiltak i 2021.

25. Elektronisk informasjonstavle, Nesflaten, Dyraheio, Suldal kommune

Suldal kommune har spelt inn eit ønskje om oppsetting av ei elektronisk informasjonstavle på Nesflaten. Staden er nemnt i besøksstrategien som ei av dei eksisterande utstillingane som skal vidareutviklast. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 80 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Det har vist seg svært vanskeleg å få midlar til både etablering og drift av slike elektroniske tavler frå Miljødirektoratet. Ein er derfor skeptisk til å få ansvaret for fleire slike tavler. Vidareutvikling av utstillinga på Nesflaten må vurderast fortløpande, og det er truleg andre tiltak som bør prioriterast før ei elektronisk informasjonstavle.

26. Oppsetting av utstillingsbu, Hovden, Bykle kommune

Fjellreinskulen har spelt inn eit ønskje om oppsetting av ei utstillingsbu med villreintema på Hovden. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 70 000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Tiltaket har tidlegare fått støtte gjennom verdiskapingsprosjektet og det er naturleg at vidare finansiering av tiltaket også blir vurdert her.

27. Gapahuk og klopper, Bortelid, SVR, Åseral kommune

Bortelid Utmarkslag har spelt inn ønskje om midlar til gapahuk, rydding av stiar og klopplegging av våte parti. Bortelid er ein innfallspurt i besøksstrategien og nemnde tiltak vart tildelt midlar i 2018 og 2019. Alle tiltaka bør sluttførast før eventuell ny tildeling. Tiltaka er kostnadsberekna til kr 90 000.

28. Utbetring av drifteveg, Storådalen, Lusaheia, Hjelmeland kommune

Deler av driftevegen i Storådalen blir etter Ulla-Førre reguleringa liggjande under vatn i nokre parti. Dette er til ulempe for sauedriftene og vanleg ferdsel i området. Nilsebu sameige har meldt inn at dei ønskjer å mure opp delar av driftevegen på eit særleg utsett parti. Tiltaket er kostnadsberekna til kr 50.000.

Sekretariatet foreslår at tiltaket ikkje blir prioritert i 2020. Tiltaket er ikkje ein del av besøksstrategien og det er lite håp om at det blir løyvd midlar av Miljødirektoratet.



## Innmelding av bestilling av tjenester av SNO i 2019

Sekretariatet har hatt eit bestillingsmøte med lokalt SNO om kva for verksemd som bør prioriterast i 2018. Med bakgrunn i desse innspela, pågåande arbeid i verneområdet og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei prioritert liste over tenester vi ønskjer frå SNO i 2018.

Oppdrag	Verneområde	Bakgrunn
<b>Tilsyn/kontroll</b>		
Kontroll og registrering av større byggetiltak	Alle	Kontroll av alle nye byggeløyve av eit visst omfang
Kontroll av arrangementet Heliboogie ved Kjerag 19-22. juli	Frafjordheiane	Arrangement vart meldt til politiet i 2018
Kontroll av ulovleg bruk av droner langs stien til Kjerag	Frafjordheiane	Vi har fått rapportar om ulovleg bruk av droner
Kontroll av motorferdsel og oppkøringstider for Sesilåmi/Hovden Tour	SVR og Hovden	Viktig for villreinen at dispensasjonane blir følgt
Kontroll av kjentmannsturar	SVR	Ny dispensasjonar er gitt for 2020
Kontroll av motorferdsel i sørområdet	SVR	Vi har fått rapportar om ulovleg motorferdsel
Kontroll av ATV løyver i Hægebostad	SVR	Køyresleper må kontrollerast
<b>Tiltak (skjøtsel/tilrettelegging)</b>		
Oppsetting av nye løveskilt	SVR, Frafjordheiane	Skilt manglar fleire stader
Utplassering av bil teljar på anleggsvegen til Skreivasskleivane	Dyraheio	Rapportar om auke i biltrafikken
Utplassering av bil teljar på anleggsvegen i Flatstøldalen	SVR	Kjenner ikkje omfanget av biltrafikken
Overvaking og utplassering av ferdselsteljar vegen til Store Urar	SVR	Overvaking av effektane av nytt bomregime
Innhenting av tilbud på oppsetting av informasjonsskilt	Alle	Iverksetting av besøksstrategien
Oppsetting av informasjonsskilt i Hjelmeland	Vormedalsheia Og Lusaheia	Iverksetting av besøksstrategien
Oppsetting av skilt og merking på carwalk ved Håhellervatnet	SVR	Iverksetting av besøksstrategien
<b>Kartlegging/registrering/overvaking (inkludert bevaringsmål)</b>		
Gjennomføring av overvaksingsprogram for bevaringsmål for hubrolokalitetar	SVR	Sårbare hekkelokalitetar må overvakast
<b>Naturvegledning/informasjon</b>		
Orienteringar til verneområdestyret på styremøte		
Delta på verneområdestyret sine synfaringar		
Orienteringar på opne informasjonsmøte		
Deltaking på møte og arrangement i regi av verdiskapingsprosjektet		
Deltaking på møte og synfaringar i tilsynsutvala		

**AU 5/20 Eventuelt**